


# Vevring skule

«Rom for alle, blikk for den enkelte»



## Dagens organisering

### Elevtalsutvikling og kapasitetsutnytting



	23/24	28/29	43/44	Endring
Elevtal	7	7	10	+3
Kapasitet	30			
Kapasitetsutnytting	23,3%	23,3%	33,3%	
Ledig kapasitet	23			
Gjennomsnittleg klassestorleik	7			
Gruppestørrelse 1.-4. (Norm 15)	4,6			
Barn i SFO	5 av 7 som utgjer 71%			


### Bemanning

Lærarårsverk	1,5
Av dette leiingsressurs	50% (Her er barnehagen inkludert)
Kompetansebehov - kva manglar vi?	Matematikk

## Vedlegg 15

### Økonomi

Rekneskap 2022	kr	1 894 983
Budsjett 2023	kr	2 226 382
Rekneskap 2023	kr	2 032 825
Budsjett 23 utan SFO	kr	2 088 457
Rekneskap 23 utan SFO	kr	1 942 575
Rekneskap 23 utan SFO pr. elev	kr	277 511



### Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Barnehage	Vevring skule og barnehage er eit oppvekstsenter. Det er ikkje andre barnehagar i Vevring.
Tilknyting til andre tenestetilbod	Det er ikkje fleire tenestetilbod i Vevring.
Bustad og næring	Pågående KPS og områdeplan for Vevring, legg opp til auke i bustadtilbodet vesentleg. Det vert satsa på at tilsette hjå Nordic Mining busett seg i Vevring. Det er sett av noko areal til næring, i og utanfor det som er vist som sentrum i plan.

### Bygningsmasse

Byggjeår	1965
Areal	752
Teknisk stand /oppgraderingbehov	Generell god bygningsteknisk tilstand. Nytt tak og nye vindauge. Ombygd i 2010. Nytt tak i 2019.

### Andre forhold

Avstand Førde sentrum	34,6 km
Avstand til Naustdal skule	23,4 km
Forhold ved skulevegen	Det er to elevar som har skuleskyss.
Særeigne forhold ved skulen	Nordic Mining har tidlegare signalisert at dei ser føre seg at sine aktivitetar kan føre til tilflytting til Vevring. Førebels er det primært lokale entreprenørar som arbeidar på området, og gruveprosjektet har dermed ikkje gitt noko effekt så langt. Det er sendt ei oppmoding til Nordic Mining om å kommentere korleis dei ser føre seg rekruttering og eventuell busssetting i tida som kjem. Vi har ikkje motteke svar pr. 11.03.2024.



## Tilbakemeldingar frå ungdomsrådet, foreldre, tilsette og andre interessentar

### Det pedagogiske tilbodet

#### Dette er vi tilfreds med

- Vi har kvalifisert personale med brei erfaring i både skule og barnehage.
- Det gode samarbeidet mellom barnehage og skule bidreg positivt til overgangen for skulestartarar.
- Aldersblanding vert sett på som ein ressurs og fremjar både fagleg og sosial læring.
- Elevane blir godt følgt opp individuelt og vert sett.
- Nærmiljøet blir brukt aktivt i undervisninga og er ein pedagogisk ressurs.
- Det er lagt til rette for temabasert og tverrfagleg undervisning.
- Gjennomføring av obligatoriske og ekstra kartleggingsprøver sikrar oppfølging av utvikling og ekstra behov.

#### Forbetningsområder

- Auka elevtal kan bidra til eit breiare kompetansemiljø og eit større læringsmiljø.
- Spisskompetanse innan spesifikke fagområde kunne styrke det pedagogiske tilbodet.

### Organisasjonsmessige forhold

#### Dette er vi tilfreds med

- Stabile vaksne skapar eit trygt miljø for elevane.
- Tett samarbeid og nærliek mellom barnehage og skule fremjar gode relasjonar.
- Vi nyttar lokalmiljøet aktivt, som styrker læring og trivsel.
- Små grupperstørleikar gir betre tilpassa undervisning og styrker undervisningskvaliteten.

#### Forbetningsområder

- Lågt elevtal og trusselen om nedlegging skaper usikkerheit og er ei utfordring for læringsmiljøet.
- Utvida samarbeid med PPT og helsejukepleiar kan forbetre oppfølginga av elevar med særlege behov.

### Skulen i lokalsamfunnet

#### Dette er vi tilfreds med

- Skulen og barnehagen er ein sentral del av lokalsamfunnet og bidreg til liv og røre i bygda.
- Elevane blir involvert i lokale arrangement og lærer om sin heimstad.
- Skulebygget fungerer som eit møtelokale og eit samlingspunkt for bygda.
- Skulen har stor betydning for busetnad og tilflytting.

#### Forbetningsområder

- Skulen kunne involvere lokale ressurspersonar i større grad i undervisningsopplegget.

### Andre innspel

- Strukturendringar som fører til lengre skuleveg vil ha negativ påverknad på lokalsamfunnet og kan gjere det mindre attraktivt for busetnad.



## Vedlegg 15

- For å minimere negative påverknader ved strukturendringar, må kommunen sørge for utbetring av skulevegen og skuleskyssen.
- Tiltak som samlokalisering av skule og barnehage har vist seg å vere positive og bør vurderast som ein modell for å oppretthalde kvalitet og kapasitet i skuletilbodet, sjølv ved redusert elevtal.
- Ved eventuelle nedleggingar av skular, må ein vurdere konsekvensane for heile oppvekstmiljøet, inkludert barnehage og SFO.
- Det er viktig at kommunen utarbeider planar som sikrar eit likeverdig skuletilbod for alle elevar, og at "Barnas beste" vert prioritert ved alle avgjersler.

## Prosjektgruppa si oppsummering Vevring skule

### No-situasjonen

Vevring skule er samlokalisert med barnehagen, noko som skapar eit sterkt oppvekstsenter i lokalsamfunnet. Stabilitet i personalet og integrasjonen mellom skule og barnehage er opplevd som ein styrke, og læringsmiljøet er prega av tilpassa undervisning i små grupper. Elevane får individuell oppfølging, og bruk av ressursar i nærområdet er sentral i undervisninga.

Elevtalet er lågt, noko som fører til usikkerheit om framtida og utfordringar knytt til å oppretthalde eit kompetansemiljø.

### Kva kan dette bety for skulen i framtida

#### Pedagogisk

- Små elevkull kan ha visse pedagogiske styrkar som individuelt tilpassa undervisning, fleksibilitet i tilpassing av undervisningsplanar, sterke relasjonar og mindre administrativt arbeid.
- Små elevkull kan også ha negative effektar som avgrensa sosiale interaksjonar, redusert tilgang til ressursar, og manglande pedagogisk utvikling, då det manglar nye perspektiv og idear som igjen avgrensar innovasjon og fornying i undervisningspraksisen.

#### Organisering

- Samlokaliseringa av skule og barnehage har hatt positiv effekt og kan vere ein modell for å bevare kvaliteten i skulen ved redusert elevtal. Ein må vurdere heile oppvekstmiljøet ved eventuelle nedleggingar, og sjå barnehage og skule i samanheng.

#### Lokalsamfunn (Struktur)

- Strukturendringar kan ha stor påverknad på lokalsamfunnet. For å minimere negative effektar, må kommunen forbetre infrastruktur som skuleveg og skuleskyss.

For utfyllande detaljar sjå innspelet på (Lenke til websak-postlista)

